

Til foreldre, føresette og lærarar ved Skålevik skule, politikarar i Fjell kommune, Velforeiningar i skulekrinsen, Nest-Sotra, bygdefolket, Vestnytt og andre som måtte ha interesse i saka.

INVITASJON TIL FOLKEMØTE

Stad:

Gymsalen på Skålevik skule

Tid:

Måndag 12. februar klokka 19.00

Sak:

FRAMTIDA TIL SKÅLEVİK SKULE

Det skal setjast i gang arbeid med å sanere asbest på skulen vår, og det tyder på at skulen må rivast. «Kommunestyret er innstilt på at dette vil innebera at elevane må flyttast til andre skular medan arbeidet er i gang» (KS 14.12.17).

Frå skulesjefen har vi foreldre fått eit brev om at elevane skal flyttast til Ulveset skule så snart dei er klar til å ta imot elevane. Det er ikkje stadfesta kor lenge elevane kjem til å bli verande på Ulveset.

Det er kome uoffisielle utsegn frå politikarar at «det ligg i korta» at Skålevik skule ikkje vert bygd opp att. Dette skaper mykje uro og usikkerheit! I lang tid har vi på Vestsida levd i uvisse om kva som vil skje med skulen vår. Det er på tide at politikarane prioriterer oss her på Vestsida.

Vi krev difor eit svar frå politikarane i denne saka.

På møtet vil FAU stilla spørsmål til politikarane, men vi håper på eit stort engasjement også frå foreldre, føresette, besteforeldre, velforeiningar og alle andre som har interesse i saka.

Vi håper å sjå deg på møte og at vi saman kan kjempa for skulen vår. Velkomen!

FAU Skålevik skule

